



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Tord Bakke, 5557 2377

Vår dato  
04.12.2013  
Dykkar dato  
24.10.2013

Vår referanse  
2011/9280 421.4  
Dykkar referanse  
13/576

Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 Austrheim

### **Uttale - offentlig ettersyn - Lindås - Gnr 127 Bnr 123 mfl - Austrheim - Gnr 129 Bnr 19 mfl - Mongstad - Statoil Industriområde - Omregulering og utviding**

Vi viser til brev frå Austrheim kommune gjeldande høyring av reguleringsplan for Mongstad, Statoil industriområde. Planen omfattar område i kommunane Lindås og Austrheim. Fylkesmannen har handsama planen som heilskap og sender innspela til begge kommunane. Under føresetnad av at det ikkje kjem nye opplysningar i samband med vedtak om utlegging til offentlig ettersyn i Lindås kommune, gjeld denne uttalen også for Lindås kommune si handsaming av saka.

Endringane i høve til gjeldande reguleringsplan for området er i all hovudsak i tråd med overordna planverk.

Området i Austrheim (gnr 129 bnr 19 og 23) vert regulert til grønstruktur. Fylkesmannen har ingen merknader til dette, men vi ber om at det vert inngått avtaler for å sikre at dei delane av eigedomane som er jordbruksareal framleis kan verte drive.

Området i Lindås (gnr 127 bnr 123) vert regulert til industri, energianlegg (trafo) og grønstruktur. Planområdet grenser mot Litlåsåsen som er viktig å ta vare på som eit sentralt landskapselement og lokalt friluftsområde. Fylkesmannen meiner det er viktig å sikre at Litlåsåsen framleis vert eit godt friluftsområde og at utbygging ikkje kjem i konflikt med horisontlinjer og soleis bryt opp landskapet. Vi legg vekt på at reguleringa i hovudsak er i tråd med Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad og følgjer opp denne planen sine intensjonar om å setje av ein buffer med grønstruktur inn mot Litlåsåsen. Vi legg difor til grunn at landskaps- og friluftsverdiane er teke omsyn til ved dette.

Fylkesmannen har ingen vidare vesentlege merknader til planframlegget.

Med helsing

Ragnhild Røsseland e.f.  
rådgjevar

Tord Bakke  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	Isdalstø
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen